

Rundskriv

Alle departement
Statsministerens kontor

Nr.	Vår ref	Dato
R-7/2025	25/5011	09.09.2025

Statsbudsjettet 2025 – Tilleggsløyvingar i haustsesjonen – Ny saldering

Finansdepartementet skal leggje fram for regjeringa ei samla oversikt over fagdepartementa sine forslag til tilleggsløyvingar hausten 2025. Finansdepartementet ber difor om at fagdepartementa sender inn forslag til tilleggsløyvingar for 2025 som det er strengt naudsynt at Stortinget vedtek i haustsesjonen. Dette gjeld òg saker om overskriding av mindre omfang og som i tråd med løyvingreglementet kan avgjerast med samtykke frå Finansdepartementet eller ved kongeleg resolusjon.

Finansdepartementet gjer òg merksam på at det kan vere naudsynt å setje ned løyvingar for å tilpasse dei til kravet om realistisk budsjettering.

Finansdepartementet skal ha innspela innan 15. oktober 2025. Forslaga skal fordelast på kapittel og postar med følgjande opplysningar som skal gjevast i 1 000 kroner:

- Rekneskap 2024
- Saldert budsjett 2025 + tilleggsløyvingar hittil i år
- Tilleggsforslag for 2025

Av omsyn til å forenkle regjeringa si handsaming av forslaga til nysalderinga, vert departementa bedne om å skilje mellom saker som krev politisk handsaming og saker av teknisk karakter i innspelet til nysalderinga. Det sistnemnte kan gjelde endringar i anslag, tekniske flyttingar, parallelle justeringar av utgifter og inntekter mv.

Finansdepartementet ber om at forslag som gjeld distriktspolitikk, Nord-Noreg og/eller nordområda, òg blir sendt til Kommunal- og distriktsdepartementet.

Anslaga for nøkkeltal i norsk økonomi frå Nasjonalbudsjettet 2026 skal leggjast til grunn der det er relevant. I motsetnad til andre budsjetttrundar vil ikkje Finansdepartementet sende renteforutsetningar eller oppgje ein gitt dato for valutakurs som skal liggje til grunn for innspela. Det bør brukast så oppdatert informasjon som mogleg gitt fristen for å sende innspel til Finansdepartementet.

I hovudbudsjettsskrivet for 2026 vart departementa bedne om å sende inn overslag over behov for å endre løyvingane i andre halvår 2025 innan 28. juli 2025. For at desse skal bli behandla, må departementa sende inn konkrete forslag innan nemnte frist. Det er ikkje nok å ha gjeve desse opplysningane tidlegare.

Etter at regjeringa har teke stilling til forslaga om tilleggsløyvingar, må departementa leggje fram eigne proposisjonar med dei forslaga som vart godtekne. Fristen for å leggje fram slike forslag er 21. november 2025. Departementa er sjølv ansvarlege for at omtalen i proposisjonane er utforma i tråd med regjeringa sin politikk og konklusjonar i regjeringa. Departementa må sende Finansdepartementet særleg viktige delar av proposisjonen innan 17. november 2025.

Proposisjonen om ny saldering av statsbudsjettet for 2025 vil etter planen verte fremja i statsråd 28. november 2025.

Med helsing

Trond Høyde e.f.
avdelingsdirektør

Martin Haukland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjend og har difor ikkje handskrivne signaturar